Statens vegvesen

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region vest	Eli Marita Vik Næss / 57655744	15/223941-3		07.11.2016

Gjennomføring av plan for rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane

Vi viser til vedtak i Fylkestinget i møte 8.desember 2015 saksnr. 54/15, Plan for rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet.

Vedlagt følgjer prioritert gjennomføringsplan for perioden 2016-2024, jf. arkfane 1 Gjennomføringsplan etter tunnelsikkerheitsforskrifta (TSF).

Planen er oppdatert i forhold til styringsmøte med fylkeskommunen 21.oktober. Oppfølgingspunkta går fram av e-post sendt til fylkeskommunen av 7.november. Denne ligg vedlagt.

Det er lagt opp til gjennomføring av tiltak etter ambisjonsnivå C, med ei kostnadsramme på 1,4 mrd 2014-kroner omrekna til ca.1,5 mrd 2016-kroner, jf. pkt. 1 og 2 i FT-vedtaket. Vi gjer merksam på at alle kostnadsoverslaga i arkfane 1 kun er justerte for prisstigninga. Det er ikkje gjort nye kostnadsvurderingar i forhold til grunnlagsmaterialet som låg til grunn for vedtaket.

Fv. 613 Blaksettunnelen og fv.303 Seimsdalstunnelen er halden utanfor den prioriterte gjennomføringsplanen, og det vert lagt opp til at desse vert vurderte i samband med rullering av regional transportplan, jf. pkt. 3 i FT-vedtaket.

I pkt. 5 i FT-vedtaket står det at prioriteringslista i vedlegg 1 skal vera førande for rekkjefølgja for gjennomføring av planen. Dette let seg vanskeleg gjennomføre fordi vi må ta praktiske omsyn i forhold til blant anna trafikkavvikling. Vi må for eksempel unngå at fleire vegar i same området får redusert framkomst samtidig. Det er ønskje om å gjere seg ferdig med ei rute, før ein går i gang med neste rute. I prioriteringslista i vedlegg 1 vart kvar tunnel vurdert for seg. No når vi har laga tiltaksplanen så er dei ulike tunnelane vert vurdert opp mot kvarandre. Dette er årsaka til at prioriteringa av prosjekta er endra.

Vi er innforstått med at framdrift i rehabiliteringa er avhengig av årlege budsjettløyvingar, jf. pkt. 7.

Merknader til enkelte tunnelar

Timreskredtunnelen – det vart her utført mykje arbeid for eit par år sidan. Dette vart gjort før det var vedteke at tunnelsikkerheitsforskrifta også skulle gjelde for fylkesvegar. Difor er tunnelen ført opp igjen med arbeid knytt til tunnelsikkerheitsforskrifta.

Naustbukttunnelen – Står i vedlegg 1 i FT-vedtaket oppført med eit behov for midlar på 0. Det er no ført opp 1 mill.kr til fortetting av evakueringslys som ikkje var med i behovslista.

Kvernhaugtunnelen – Det var her meldt inn eit behov på 10 mill.kr i nivå C. I samband med budsjettet for 2016 vart det meldt inn eit totalbehov på 25,7 mill.kr. Dette gjeld midlar til utbetring etter tunnelsikkerheitsforskrifta og til vedlikehaldstiltak. Kostnadsoverslaget var i utgangspunktet dårleg kvalitetssikra. Difor vart overslaget endra.

Bermålstunnelen – Kostnadsoverslag er her auka frå 70 som innmeldt behov i vedlegg 1 til 86 mill.kr. Årsaka til dette er at overslaget er auka med kostnader til brannsikring av PE-skum.

Gjennomføringsplanen må sjåast på som ein dynamisk plan som kan verta endra på bakgrunn av ny kunnskap og naudsynte praktiske grep som må gjerast under vegs.

Vegavdeling Sogn og Fjordane
Med helsing

Svenn Egil Finden
avdelingsdirektør

Eli Marita Vik Næss

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.